

  
DET KONGELIGE  
MILJØVERNDEPARTEMENT

Statsråden

Møre og Romsdal fylke  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE

MØTE 06.03.2009	
FYLKE	
Mottatt: 06 MARS 2009	
J.nr.FE 09/123	dok. 1
Ark. 421.4	Seksb. IDMO
Sek. 1563	

Dykkar ref  
FE: 2005/856/IDMO/421.4/1563

Vår ref  
200800775-/KAS

Dato 04 MARS 2009

## **Sunndal kommune – motsegn til reguleringsplanar for Langvatnet hyttefelt og Torbuvatnet hyttefelt på grunn av villreininteressene**

Vi viser til oversendingsbrev datert 14. februar 2008. Saka er i samsvar med plan- og bygningslova § 27-2 nr. 2 sendt Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd, etter motsegn fra Møre og Romsdal fylke. Motsegna er grunngjeven med omsyn til villrein.

**Miljøverndepartementet tek til følgje motsegn frå Møre og Romsdal fylke til reguleringsplanar for hyttefelta Langvatnet og Torbuvatnet i Sunndal kommune. Det vil vera i strid med nasjonale villreininteresser å opne for utvida kapasitet i desse to hytteområda, som er omgjevne av biotopvernområde for villrein. Nye byggjeområde for hytter vert tekne ut og planføreseggnene endra slik at hyttestorleiken ikkje kan aukast ut over dagens nivå på 80 m<sup>2</sup>.**

### **Bakgrunn for saka**

Reguleringsplanar for hyttefelta Langvatnet og Torbuvatnet vart vedteke av Sunndal kommunestyre 29.08.07. Dette er eksisterande hytteområde på høgfjellet sør for Sunndalsøra, og reguleringsplanane legg til rette for i alt 6 nye hyttetomter og utviding av arealgrensa for utbygd areal pr tomt til 100 m<sup>2</sup>. Områda er vist som byggjeområde for fritidsbustader i kommuneplan revidert 2007. Kommunen er gjort merksam på at departementet ville vurdert å kalle inn planen om det ikkje hadde vore for at dei aktuelle områda var omfatta av reguleringsplanar med motsegner, som gjorde at arealbruken uansett skulle behandlast i departementet. Dette fordi områda ligg som to "øyar" i Torbudalen biotopvernområde for villrein, som vart etablert som ledd i oppretting av Dovrefjell – Sunndalsfjella nasjonalpark med tilhøyrande verneområde

03.05.02. Det er i strid med nasjonal villreinpolitikk å vise utbyggingsområde på store areal som nok ville vore omfatta av biotopvernet om det ikkje hadde vore for dei mange hyttene som allereie er i området.

Fylkesdelplan for Dovrefjellområdet er til slutthandsaming i departementet. Både gjeldande fylkesdelplan, stadfesta ved kronprinsregentens resolusjon av 3. mai 2002, og ny fylkesdelplan har som overordna mål å ivareta villreinens leveområde slik at ein livskraftig bestand blir sikra.

Innafor Langvatnet hyttefelt er det 87 hytter, og planen er revisjon av reguleringsplan frå 1987. Arealgrense pr hytteeigedom er her sett til 80 m<sup>2</sup>. Torbuvatnet hyttefelt med 39 hytter er bygd ut etter ein eldre disposisjonsplan, som ikkje er i samsvar med dagens plan- og bygningslov, og kan ikkje brukast som styringsreiskap. Innan gjeldande plan for Langvatnet frå 1987 er det lagt ut to hyttetomter som ikkje er bygd ut, og revidert reguleringsplan har forslag om ytterlegare to tomter. Innan Torbuvatnet er det forslag om fire nye tomter. I begge planane er arealgrensa nå sett til 100 m<sup>2</sup>. Dei fleste hyttene i området er eldre hytter. Svært mange er langt under øvre arealgrense på 80 m<sup>2</sup> som gjeld i dag for hyttene i området. Det har skjedd ei gradvis utvikling frå mindre brukshytter knytt til m.a. jakt og fiske om sommaren til bruk som heilårs feriehytter.

Tilkomst til hyttene på vinteren har dei siste åra vore over fjellet frå Grøvudalen i aust, gjennom Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark. Med løyve frå kommune, grunneigarar og vernestyresmakt er det etablert eit samordna transportopplegg med snøskuter etter en fastlagt og merka trasé for vinterferien og påska. Transporten er innarbeidd i forvatningsplanen for nasjonalparken. Avstanden over fjellet er oppgjeven til 27 km, og av desse går 18 km gjennom nasjonalpark og 6 gjennom landskapsvernområde.

Motsegn frå Møre og Romsdal fylke er grunngjeven med at opning for større utvidingar og fleire hytter vil medføre auka aktivitet i leveområda for villreinen.

**Møre og Romsdal fylke** har i brev av 16.03.2007 sett fram motsegner av omsyn til villreininteressene. Motsegna gjeld både nye tomter og heving av arealgrensa til 100 m<sup>2</sup>. Planforsлага legg ikkje opp til nye hytter i direkte konflikt med dei tradisjonelt brukte trekkrutene over dalen ved Torbuhelsen, men all auka aktivitet vil verke inn her. Fylket legg vekt på tre forhold: vintertilkomst, generell aktivitetsauke i villreinen sine leveområde og landskapsestetiske forhold. Fylket peikar på at snøskutertransporten gjennom nasjonalparken er omstridd. Fylket meiner at større hytter og nye hytter vil medføre større transportbehov, da auka overnattingsskapasitet vil gje grunnlag for større aktivitet og auka press på villreinområda generelt. Særleg viktig er dette på ettermiddagen når kalvingstida nærmar seg. Det er kalvingsområde ikkje langt unna Torbuhelsen og nær kjøretraséen for snøskutertransporten. Fylket meiner det er svært viktig at planen vidarefører karakteren av småskala hytteområde med enkle hytter tilpassa klima og landskap. Det vert peika på at både tilkomst, lokalklima, landskap og lokalisering med verneområde på alle kantar gjer at det ikkje er naturleg å vente same trendutvikling når det gjeld prisnivå, hyttestørleik, veg til døra, innlagt vatn og utvida

bruksesong for hyttene i Torbudalen. Møre og Romsdal fylke har ut frå omsynet til verneområda og villreinen motsegn til utviding av ramma for hyttestørleik til 100 m<sup>2</sup> utbygd areal og til auke i talet på hytter.

**Mekling** vart gjennomført 01.06.07. Fylket kunne gå med på eit kompromiss og godta dei nye hyttetomtene, bortsett frå den sørlegaste i Langvatnet hyttefelt, som ligg nær reintrekket i biotopvernområdet. Fylket heldt fast ved maksimalt byggjeareal på 80 m<sup>2</sup>. På møtet la kommunen sine representantar opp til at meklingsresultat kunne vurderast.

**Sunndal kommunestyre** behandla sakene på nytt i møte 29.08.2007. Kommunestyret fann ikkje å kunne akseptere meklingsresultatet, og godkjende reguleringsplanane med i alt 6 nye tomter og høve til å utvide kvar hytteeigedom til samla areal 100 m<sup>2</sup>.

**Møre og Romsdal fylke** tilrår i oversendingsbrevet at motsegna vert teken til følgje.

**Synfaring** skjedde 23. juni 2008 med representantar for Sunndal kommune, Møre og Romsdal fylke, Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet. Representant for hytteforeininga var til stades og orienterte om planane.

**Direktoratet for naturforvaltning (DN)** tilrår i uttale datert 21.11.08 at motsegna frå fylket vert teken til følgje. Det bør vera eit mål i alle avgjerder om arealbruk og aktivitet i Torbudalen å styrke dalen som leve- og trekkområde for villrein – og ikkje opne for tiltak som svekkar området ut over det som allereie har skjedd gjennom kraftutbygging og etablerte fritidsbustader. DN meiner at utviding av dei enkle og små hyttene i Torbudalen opp til gjeldande ramme på 80 m<sup>2</sup>, eller opp til 100 m<sup>2</sup> som kommunen har vedteke, vil medverke til at det etter kvart blir langt meir uroing av villreinen enn frå dagens hytter. Både auka bruk av hyttene og tilhøyrande transport og ferdsel vil medføre meir uroing av reinen. Ut ifrå at det skal leggjast større vekt på villreinen og leveområda i dagens miljøpolitikk, tilrår DN at departementet går lengre enn det motsegna frå Møre og Romsdal fylke legg opp til. DN meiner det bør etablerast rammer for vidareutvikling av hyttefelta ut frå individuelle vurderingar for kvar hytte innan dei ulike delane av Torbudalen. Det bør ikkje opnast for større hytter enn 40 – 50 m<sup>2</sup>, så dersom det skal setjast øvre ramme for storleik bør den ikkje overstige eit slik nivå.

Inngrep og aktivitet avgrensar trekk mellom austlege og vestlege delar av Snøhetta villreinområde i så stor grad at reinen vert forvalta i to delbestandar. Torbudalen er det einaste området med fastmark som knyter leveområda saman. Uroing vinter og vår er mest kritisk. Dette er samstundes tider på året det kan vera råd å oppnå betring av forholda for villrein i området. Klimaendringar kan også gje nye utfordringar. Det kan bli dårlagare tilgang på vinterbeite som følgje av auka nedbør, og reinen kan i periodar få problem med meir snø og nedising, som vil gjera det vanskelegare å finne beite. Med meir snø i høgfjellet må ein og rekne med seinare framsmelting av beiteland. Det vil da bli enda viktigare at reinen har tilgang til uforstyrra areal i lågareliggjande fjellområde for tidleg vårbeite etter kalving, slik Torbudalen fungerte før kraftutbygginga.

DN gjev ei grundig utgreiing av villreinen i Snøhetta/Knutshø med særleg fokus på arealbruk knytt til areala kring Torbudalen, og tilrår at spørsmålet om tilkomst og transport til hyttene i Torbudalen om vinteren vert vurdert i den nye gjennomgangen av regional plan for Snøhetta og Knutshø villreinområder som skal gjennomførast.

Rammer for transportmoglegheiter vinterstid kan vera eit verkemiddel for å avgrense aktiviteten i sårbar område i kritiske periodar for reinen. DN konkluderer med at det ikkje bør opnast for utbygging av fleire eller større hytter. Vidare tilrår DN opprydding av naustforholda, slik at desse i framtida vert knytt til hyttene og at naust må vera naust.

### **Departementets vurdering**

Hytter i seg sjølv har liten effekt på villreinen sin bruk av eit område. Det er nærvær av folk og samla aktivitet knytt til bruk av hyttene som verkar forstyrrende på reinen. Ein må forvente at større og meir komfortable hytter innbyr til auka bruk; særleg vinterstid vil nok dette gje seg gjeldande. Ordninga med vintertransport over fjellet gjennom sårbar område er ein vesentleg uroingsfaktor, og sjølv med god organisering er snøskutertransport gjennom nasjonalpark ein aktivitet som er i strid med verneformålet. Ein risikerer å få ein gradvis auke av transportbehovet ved fleire og/eller større hytter, da alle hytteeigarane truleg vil forvente same servicenivå. Med fleire hytter av standard som innbyr til vinterbruk over lengre periodar, må ein samla sett forvente auka aktivitet i villreinområdet og press for utvida transportkapasitet.

Departementet er samd med Direktoratet for naturforvaltning i at plasseringa med verneområde med sterke villreininteresser på alle kantar tilseier at hyttene ideelt sett ikkje burde byggjast ut over dagens nivå. I og med at Langvatnet hyttefelt har hatt føresegner som opnar for 80 m<sup>2</sup> heilt frå 1987, er hytteområdet i dag tilpassa denne ramma. For Torbuvatnet, som er utan gjeldande reguleringsplan, kunne ein kanskje hatt strengare rammer, men det synest urimeleg å behandle områda ulikt når problemstillingane elles er like. Øvre grense for bebygd areal på kvar tomt vert derfor sett til 80 m<sup>2</sup> for begge felta. Med denne avgrensinga vil preget av småskala hytteområde, med enkle hytter tilpassa det opne fjellandskapet, til ein viss grad vera ivaretake.

Departementet vurderer alle tiltak som gir auka aktivitet vinterstid i området rundt Torbudalen og over fjellet, med snøskutertransport frå bygda til hytteområda, til å vera i strid med nasjonal villreinpolutikk. Departementet tek derfor til følgje motsegn frå Møre og Romsdal fylke. Omsynet til villreininteressene tilseier at alle nye hyttetomter vert tekne ut av reguleringsplanane, også dei som fylket kunne akseptere som eit ledd i kompromissløysing under meklinga.

Departementet har hatt kontakt med kommunen om endringa i reguleringsplanane, jf. plan- og bygningslova § 27-2 nr. 2.

## Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, § 27- 2, godkjenner Miljøverndepartementet reguleringsplan for Langvatnet hyttefelt og Torbudalen hyttefelt med desse endringane:


- Alle nye hyttetomter vert tekne ut av planane.
- Planføresegnene pkt. 1.1.2 vert endra i slik at maksimalt bruksareal/utbygd areal er inntil 80m<sup>2</sup> pr tomt.

Motsegn frå Møre og Romsdal fylke er etter dette teken til følgje.

Departementet føreset at kommunen endrar plankart og føresegner i tråd med vedtaket.

Om kunngjering av reguleringsplan viser ein til reglane i plan- og bygningslova § 27-2 nr. 3 første ledd.

Kommunen er gjort kjend med departementet sitt vedtak ved kopi av dette brevet.

Med helsing,  
  
Erik Solheim

Kopi:  
Sunndal kommune  
Direktoratet for naturforvaltning